



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad		22/102

Saksnr	Utval	Type	Dato
022/22	Formannskapet	PS	08.03.2022

Vidare arbeid med tilsetjing av kommunedirektør Tilsetjing kommunedirektør

Vedlegg:

Arbeid etter siste møte i partssamansett utval 24.02.22 og vurderingar lagt fram til utvalet

Saksutgreiing: Saksopplysningar

I førre møte innstilte utvalet ein søkjar og gav ordførar fullmakter til å forhandle fram ein tilsetjingsavtale. Ordførar har arbeidd vidare med saka gjennom dialog med søkjar og vurderingar frå KS sin advokat.

Vurdering

Slik saka no står, vurderer ordførar at han må tilbake til utvalet for å få utvalet sine vurderingar om kva vilkår som kan akseptrast.

I tillegg bør utvalet vurdere om dei skal innstilla ein annan av søkjarane. Eventuelt om ordførar kan gå vidare med ein av dei andre søkjarane om vedkomande ikkje aksepterer vilkåra Fedje vil gi.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Utvalet vurderer innspela og krava frå kandidaten. Utvalet vurderer om dei skal innstilla fleire av søkjarane i prioritert rekkefylgje og gi ordførar fullmakt til å forhandle vidare med fleire dersom kandidaten trekkjer seg.

Forslag til vedtak:

Utvalet gir ordførar vidare fullmakter til å forhandle vidare i saka, eventuelt vert også andre av



Fedje kommune

søkjjarane innstilte i ei prioritert rekkefylgje.

Formannskapet - 022/22

F - behandling:

Møtet vart lukka i denne saka, sjå F-sak 021/22.

Ordførar refererte om forhandlingane og krava frå søkjar som vart tilrådd i førre møte. Etter ein diskusjon vart utvalet einige om å sjå bort frå vedkomande som kandidat vidare.

Utvalet diskuterte om prioritering mellom dei to neste kandidatane. Ordførar har sjekka ut ein del referansar.

F - vedtak:

Ordføraren arbeider vidare med avtalt kandidat etter diskusjonen i utvalet. Vedkomande vert kalla inn til intervju anten onsdag 16.3 eller torsdag 17.3 i neste veke.

Samrøystes vedteke.